

# 2015

## Norske pengespel 2015 Gaming in Norway

Statistikk over norske  
pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet



# Innhold

Føreord.....	4
1. Samandrag.....	5
2. Endring i omsetning.....	13
3. Norsk Tipping AS og Extra.....	15
4. Norsk Rikstoto.....	25
5. Digitale plattformer.....	28
6. Bingo.....	30
7. Andre lotteri.....	34
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn.....	37
9. English summary.....	38
10. Vedlegg.....	41

# Nær 5,5 milliardar kroner til gode formål

I 2015 satsa nordmenn totalt 38,5 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i Norge. Dette er i overkant av 2,5 milliardar meir enn året før. Gevinstutbetalingane har også auka og 28,7 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer etter dette 9,8 milliardar og er 463 millionar kroner meir enn året før. Årsaka til mykje større vekst i satsa beløp enn i netto omsetning skuldast meir speling på Norsk Tipping sine spel med høg gevinstprosent som til dømes online kasinospel.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 7 416 kroner på regulerte pengespel i 2015, ein auke på 437 kroner samanlikna med året før. Når vi trekkjer ifrå gevinstante har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 879 kroner. Dette utgjer 0,7 prosent av husstanden si disponible inntekt. Beløpet som er lagt igjen er 71 kroner meir enn året før.

Norsk Tipping har auke i si omsetning gjennom 2015. Dette skuldast mellom anna auke i omsetning for talspela som t.d. Lotto og for dei interaktive onlinespela som t.d. kasinospel. For private spel og lotteri er omsetninga noko redusert, mellom anna for bingospel og spel på skip.

I 2015 vart turneringspoker (NM i poker) arrangert for første gong i Norge. Tal frå denne turneringa inngår no i årsstatistikken, og totalt blei det betalt inn 15,8 millionar i deltakaravgift av pokerspelarane. Av dette vart 13,4 millionar betalt ut igjen i gevinstar. Blodkreftforeningen fekk som formålmottakar 808 000 kroner.

Frå pengespel og lotteri fekk formåla heile 5 459 millionar kroner i 2015. Dette er ein auke på 264 millionar kroner frå 2014.

*Førde, desember 2016*



Atle Hamar  
direktør

# Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2015 omsett for 38,5 milliardar kroner. Av dette gjekk 28,7 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 9,8 milliardar kroner til fordeling mellom aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2015

År 2015	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	38 490	4 299
Gevinst	28 739	3 210
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	9 752	1 089

År 2015	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>2</sup>	7 416	828	1 879	210
Per innbyggjar 18 år og eldre	9 473	1 058	2 400	268
Per husstand <sup>3</sup>	16 279	1 818	4 124	461
Prosent av disponibel inntekt <sup>4</sup>	2,86 %		0,72 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 7 416 kroner i 2015.

Dette er 437 kroner meir enn i 2014 då satsa beløp per innbyggjar var på 6 979 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2015 ha lagt igjen 1 879 kroner. Av husstanden sine disponible

inntekter utgjer dette 0,7 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 71 kroner meir enn i 2014 (kr 1 808).

At satsa beløp har auka meir enn det som er lagt igjen heng saman med at det vert satsa meir på spel med høg gevinstprosent.

1 Middelskurs 2015 frå Norges Bank 8,9530


2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 1/1-2015 og 1/1-2016.

3 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (SSB).

4 SSB: Årlig inntekts- og kapitalregnskap (mill. kr), etter sektor, transaksjon, tid og statistikkvariabel  
Disponibel inntekt 2015: 1 347 727 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2015

Den norske pengespelmarknaden - brutto omsetning 2015, totalt 38 490 millioner



I 2015 spelte nordmenn for 38,5 milliardar kroner. Det vart satsa 28,8 milliardar på Norsk Tipping sine eigne spel, av dette 9,9 milliardar<sup>5</sup> på Multix- og Belago-spel og 6,3 milliardar på dei nye nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). I tillegg 0,9 milliard på Extra-lotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for 3,7 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på 4,2 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, nær 4,1 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk<sup>6</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør vart 116 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier<sup>7</sup> som hadde størst omsetning med 269 millionar kroner. I NM i poker var deltakaravgifta nær 16 millionar. For mindre lokale og regionale lotterier<sup>8</sup> estimerer vi omsetninga til 130 millionar kroner.

I 2015 vart det spelt for 412 millionar kroner på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

Samla brutto omsetning var 35,9 milliardar kroner i 2014.


5 7,130 milliardar på Multix og 2,774 milliardar på Belago.

6 Databingo.

7 Her inngår Pantelotteriet.

8 Mindre lotteri, såkalla basarar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2015, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 85 prosent av marknaden.

## Pengepremiar og gevinstar i 2015

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	28 841	22 065	6 777	77 %
Norsk Rikstoto	3 728	2 528	1 199	68 %
ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering	901	443	458	49 %
Bingo med entreprenør	4 078	3 210	868	79 %
Bingo utan entreprenør	116	68	49	58 %
Landslotteri	269	50	219	19 %
Poker-NM	16	13	2	85 %
Lokale/regionale lotteri*	130	30	100	23 %
Spel på skip	412	332	80	80 %
<b>Totalt</b>	<b>38 490</b>	<b>28 739</b>	<b>9 752</b>	<b>75 %</b>

\*)Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 26,6 milliardar kroner av innsatsen på 35,9 milliardar. I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå Poker-NM (85 %), spel på skip (80 %), entreprenørbingo (79 %) og Norsk Tipping (77 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen).



## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2015

Den norske pengespelmarknaden 2015, marknadssdelar av netto omsetning



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (69 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto hadde til saman 82 prosent av marknaden i 2015.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2015

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	6 777	4 165	61 %	2 611	39 %
Norsk Rikstoto	1 199	550	46 %	649	54 %
Extra	458	231	51 %	139	30 %
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		88	19 %		
Bingo med entreprenør	868	205	24 %	664	76 %
Bingo utan entreprenør *	49	33	67 %	16	33 %
Landslotteri	219	79	17 %	139	64 %
Poker-NM	2	0,8	34 %	1,6	66 %
Lokale/regionale lotteri *	100	90	90 %	10	10 %
Spel på skip	80	16	20 %	64	80 %
<b>Totalt</b>	<b>9 752</b>	<b>5 458</b>	<b>56 %</b>	<b>4 294</b>	<b>44 %</b>

\*) Estimerte beløp



Nær 5,5 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (4,2 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (61 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 550 millionar kroner til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 205 millionar kroner, eller 24 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 16 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå ulike spel og lotteri.

### Den norske pengespelmarknaden 2015, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Totalt 5,5 mrd. kr

Dei administrative kostnadene var 199 millionar kroner større i 2015 enn dei var i 2014. Samstundes var nettoomsetninga auka med 463 millionar. Formåla har fått 264 millionar meir i 2015 enn i 2014 då formåla fekk 5 195 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>9</sup> i 2015 utgjorde 4,3 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,61 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (39 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,66 mrd.) og Norsk Rikstoto sine spel (0,65 mrd.).

9 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2015 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping, ekskl. Extra	6 777	857	13 %
Extra	458	54	12 %
Norsk Rikstoto	1 199	157	13 %
Totalt	8 434	1 068	13 %

Frå spela her gjekk det vel 1 milliard kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar.

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter - 2015	Mill.kr	Prosent	
Idrett	2 804	51 %	*
Kultur (utanfor statsbudsjett)	681	12 %	
Musikk/kultur/fritid	183	3 %	*
Hest/hestesport	550	10 %	
Helse	515	9 %	*
Humanitær	510	9 %	*
Diverse	52	0,9 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	148	2,7 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	15	0,3 %	
Totalt	5 459 <sup>10</sup>	100 %	

\* ) I tillegg får formåla delar av 148 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,7 %).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippeskjelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar .

Idrett- og kulturformål fekk sine tildelingar gjennom Kulturdepartementet, høvesvis 64 % og 18%.

Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål (18 %) vart utbetalt på fleire måtar. Det meste blei betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del vart betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001 og ei anna mindre del vart betalt ut av Lotteritilsy-

net etter søknad til lag og foreiningar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, men er ikkje medrekna i tippeskjelen.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo fekk også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

<sup>10</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling av Norsk Tippings grasrotmidlar er det betalt 0,8 million meir i 2015 enn det som var opptent dette året (394,8 mill. mot 394,0 mill.).

**Idrett (2 804 millionar kroner\*)**

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 2 423 mill., 240 millionar frå grasrotordninga, 97 mill. frå entreprenørbingo, 28 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 11 millionar frå spel på skip og 3 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

**Kultur og fritid (865 millionar kroner\*)**

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 681 millionar blei fordelt frå tippnøkkelan utanfor statsbudsjettet.

I tillegg er 183 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 90 mill., entreprenørbingo 41 mill., inntekt frå Belago med 12 millionar, spel på skip 4 mill., landslotteri 2 mill. og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad<sup>11</sup> 34 mill.. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

**Hest/hestesport (550 millionar kroner)**

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

**Helse (515 millionar kroner\*)**

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforening, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. 231 mill. som ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet er med her, og desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 126 millionar frå Norsk Tipping, 27 mill. frå landslotteri, 42 mill. frå entreprenørbingo, 12 millionar frå Belago, 19 millionar frå grasrotordninga (NT), 57 millionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av søknad<sup>12</sup>, 0,8 millionar frå Poker-NM og 0,1 millionar frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

**Humanitær (510 millionar kroner\*)**

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningssekskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 385 millionar, landslotteri med 41 mill., entreprenørbingo med 10 millionar og 3 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 5 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 66 millionar (NT)<sup>13</sup> fordelt etter søknad og 0,5 millionar frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

**Diverse organisasjonar (52 millionar kroner\*)**

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (15 mill.), 4 millionar frå Belago, landslotteri (6 mill.), grasrotmidlar (NT) (15 mill.), spel på skip (0,5 mill.) og 10 millionar (NT)<sup>14</sup> på grunnlag av søknad.

**Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (15 millionar kroner)**

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

**Uspesifiserte inntekter (148 millionar kroner)**

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (33 mill.), lokale/regionale lotteri (90 mill.) og grasrotmidlar (25 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men i overkant av 20 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og – TV.


11 Her blei 16 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 18 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

12 Her blei 18 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 39 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

13 Her blei 10 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 56 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

14 Her blei 7,5 mill. utbetalt til lag og foreiningar med automatinntekter i 2001 og 2,9 mill. til lag og foreiningar utan automatinntekter i 2001.

## Den norske pengespelmarknaden 2015, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Totalt 5,5 mrd. kr

## Endring frå år 2014

Formåla fekk for 2015 tilført 264 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2014	2015	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	2 633	2 804	171	7 %
Kultur	637	681	45	7 %
Musikk/kultur/fritid	163	183	20	13 %
Hest/hestesport	553	550	-3	0 %
Helse	507	515	8	2 %
Humanitær	493	510	18	4 %
Diverse	51	52	0	1 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	147	148	1	1 %
Tiltak vedk. speleavhengigheit	12	15	3	25 %
<b>Totalt</b>	<b>5 195</b>	<b>5 459</b>	<b>264</b>	<b>5 %</b>

# Endring i omsetning

## Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring 2014 - 2015
Brutto omsetning (spelt for)	22 515	24 751	26 838	28 660	30 915	35 852	38 490	7 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	8 350	8 646	8 907	9 067	9 012	9 288	9 752	5 %

Omsetninga er auka med 7 % for brutto og 5 % for netto omsetning.

### Norsk Tipping

(eksklusiv Extra)

Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring 2014 - 2015
Brutto omsetning	11 624	13 823	15 311	18 382	20 706	25 956	28 841	11 %
Netto omsetning	4 777	5 125	5 351	5 867	5 886	6 241	6 777	9 %

Brutto omsetning i 2015 auka med 11 % samanlikna med året før. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka med 9 %.

### Extra

Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring 2014 - 2015
Brutto omsetning	950	927	903	864	935	955	901	- 6 %
Netto omsetning	475	463	457	435	474	486	458	- 6 %

Brutto- og nettoomsetninga i 2015 er redusert med 6 % samanlikna med året før.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring 2014 - 2015
Brutto omsetning	3 625	3 667	3 813	3 879	3 775	3 649	3 728	2 %
Netto omsetning	1 186	1 205	1 256	1 267	1 224	1 183	1 199	1 %

Norsk Rikstoto si bruttoomsetning er auka med 2 % gjennom 2015.

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring 2014 - 2015
Brutto omsetning	5 129	5 152	5 812	4 538	4 502	4 332	4 078	- 6 %
Netto omsetning	1 326	1 281	1 346	1 016	957	925	868	- 6 %

Omsetning i entreprenørbingo redusert med 6 % gjennom 2015.

Landslotteri								Endring
Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2014 - 2015
Brutto omsetning	378	383	291	292	288	272	269	-1 %
Netto omsetning	311	312	251	241	236	222	219	-2 %

Landslotterier har totalt sett hatt ein liten reduksjon.

## Andre spel/lotteri

Poker-NM	2015
Tal i millionar kroner	
Brutto omsetning	16
Netto omsetning	2

Poker-NM vart arrangert for første gang i Norge i 2015. Deltakaravgift vart totalt 15,8 millionar kroner.

Omsetning for bingo utan entreprenør er rapporterte tall i Lotteriregisteret. Omsetning for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal løyve:	500	460	380	350	340	260	250
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>15</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar kroner)	220	210	160	145	140	115	116

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein liten nedgang i lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale / regionale lotteri	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal meldingar motteke	2 420	2 420	2 540	2 350	2 210	2 250	2 300
Tal løyve gitt:	100	90	80	80	70	70	60
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>16</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar kroner)	120	120	130	130	110	120	130

På grunnlag av tal meldingar, løyve og rekneskap har vi estimert ein liten vekst i omsetninga i 2015.

Spel på skip							Endring
Tal i millionar kroner	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2014 - 2015
Brutto omsetning	469	413	431	459	453	412	- 9 %
Netto omsetning	90	85	86	90	87	80	- 8 %

Netto omsetning vart redusert med 8 % samanlikna med 2014.


<sup>15</sup> Estimert omsetning til og med 2014, reelle tall frå 2015.

<sup>16</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

# Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 29,7 milliardar kroner i 2015. Dette inkluderer også talspelet Extra som Norsk Tipping opererte på vegner av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering<sup>17</sup>.

## Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2015, total 29 742 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot og Keno	8 168	27 %
	Extra	901	3 %
Sportsspel:	Tipping	564	2 %
	Odds <sup>18</sup>	1 654	6 %
	Liveodds <sup>19</sup>	1 004	3 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 214	4 %
Terminalspel:	Multix og Belago	9 904	33 %
Instaspill:	Flax, Bingoria, KongKasino og Yezz	6 333	21 %
Total brutto omsetning		29 742	100 %

30 prosent av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Eurojackpot, Joker, Keno, Nabolaget samt Extra). Legg ein til omsetninga frå Flax, Multix, Belago og Instaspill, kjem 89 prosent av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspele Tipping, Odds<sup>18</sup> og Liveodds<sup>19</sup> stod for 11 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

<sup>17</sup> I statistikkar til og med for året 2010 var Extra presentert for seg.

<sup>18</sup> Her inngår Langoddsen, Oddsbomben og Vinneroddsen.

<sup>19</sup> Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).



Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel inkludert Extra	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminal- spel (Multix og Belago) <sup>20</sup>	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	9 069	3 222	1 214	9 904	6 333	29 742
Totalt til gevinst	4 572	2 287	653	9 105	5 891	22 508
Total netto omsetning	4 497	935	561	799	442	7 234
Gevinstprosent	50 %	71 %	54 %	92 %	93 %	76 %

Totalt gjekk 76 prosent tilbake til spelar som gevinst. 24 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2014 er den totale gevinstprosenten auka frå 75 til 76 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet på kommisjonærar var 3 787 den 31. desember 2015. Spel via Internett skjer både via PC og mobil, men og via nettbrett.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 54 prosent.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet (8 592 mill.<sup>22</sup>, og i tillegg 9 904 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago)). Vidare spelte nordmenn for 11 247 millionar over Internett og mobil. 2 309 mill. på sportsspel, 2 604 mill. på talspel (som Lotto og Extra). På Instaspill der det berre kan spelast over Internett og mobil blei det satsa totalt 6 333 millionar kroner.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 71 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (83 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 63 prosent<sup>21</sup>. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 92 prosent og Instaspill med 93 prosent.

<sup>20</sup> Multix: Brutto 7 130 mill og netto 562 mill. Belago: Brutto 2 774 mill og netto 237 mill.

<sup>21</sup> Langoddsen 70 %. Vinneroddsen og Oddsbomben har fast gevinstprosent på høvesvis 65 % og 60 %.

<sup>22</sup> Av dette utgjer Spill i kasse 475 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk i daglegvareforretningar.

## Netto omsetning og fordeling på aktørane

### Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 7 234 millionar kroner, inklusiv omsetning for Extra.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	4 484,3	62 %
Til Norsk Tipping AS	1 839,3	25 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	911,0	13 %
Sum = netto omsetning	7 234,3	100 %

Til formåla gjekk det 4 484 millionar kroner eller 62 prosent av netto omsetning. I 2014 var prosenten til formål 63, som då utgjorde 4 205 millionar.

I 2015 vart 3 785 millionar kroner utbetalt over tippnøkkel-len. Det er i tillegg rekna med 59 mill. frå Belago-terminale-ne som formålsinntekt i bingo, 394 millionar kroner til mot-takarar under ordninga med Grasrotandelen og 231 mill.

til ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering. I beløpet inngår også 15 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2015 blir utbetalt til formål i 2016.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 839
NT sine samla netto kostnader <sup>23</sup>	1 839
Midlar som er haldne tilbake i NT	0

## Fordeling til overskotsformål – TIPPENØKKELN<sup>24 25</sup>

Frå fordeling frå 2015 - overskotet gjekk 2 422,6 millionar til idrettsformål. 681,4 mill. til kulturformål og 681,4 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

Blant kulturformål fekk *Den kulturelle skolesekken* 210 mill., *Kulturbygg* 64 mill. og *Frifondordningen* 181 mill.

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.<sup>26</sup>

23 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

24 2015 overskotet er fordelt i samsvar med § 10 i pengespellova (gjeldande frå 01.01.2014).

25 Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2016-2017) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 147 til 150.


26 Pressemelding frå Kulturdepartementet 29. april 2016, beløp er avrunda.

## Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	1 275,3
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	660,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	315,0
Spesielle aktivitetar	87,3
Forskings- og utviklingsarbeid	25,6
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	59,5
<b>Totalt</b>	<b>2 422,6</b>

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (høvesvis 53 % og 27 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

## Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2015



Totalt 2 423 mill. kr

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 681,4 millionar.

Det meste (564,9 millionar) vart betalt ut som kompensasjon til organisasjonar som hadde automatinntekter i 2001. Det resterande (116,4 millionar) vart betalt ut i ei overgangsordning til organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001.

Til organisasjonar med automatinntekt i 2001	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2015
10 H	511,1 mill
Andre organisasjonar	53,8 mill
Utbetalt	564,9 mill
Overført og utbetalt etter overgangsordning <sup>27</sup>	116,4 mill
<b>Totalt</b>	<b>681,4 mill</b>

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

	Millionar		Millionar
Norges Røde Kors	215,2	Kreftforeningen	69,0
Redningsselskapet	132,5	Norges Handikapforbund	20,3
Norsk Folkehjelp	16,0	Norges Blindforbund	18,5
Redd Barna	11,1	Landsf. for hjerte og lungesyke	11,7
Flyktninghjelpen	9,9	Nasjonalforeningen for folkehelsen	6,8

385 andre lag og foreiningar som før hadde automatinntekter har etter søknad til Lotteritilsynet fått til delt totalt 53,8 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga 4 fleire søknadar enn året før).

Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar:

	Tal foreiningar	Totalt tildelt
Idrett	38	3,1 mill
Helse	71	17,6 mill
Musikk/kultur/fritid	213	15,9 mill
Humanitær	43	9,7 mill
Diverse	20	7,5 mill
<b>Total</b>	<b>385</b>	<b>53,8 mill</b>

27 Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

## Utbetaling etter overgangsordning:

Organisasjonar som ikkje hadde automatinntekter i 2001 kunne i 2015, for andre gong, søke midlar frå tippenøkkelen. Totalt betalte Lotteritilsynet ut 116,4 millionar kroner etter eiga søknadsordning.

37 landsdekkande organisasjonar<sup>28</sup> har etter søknad fått utbetalt beløpet:

	Tal foreiningar	Totalt tildelt
Helse	29	39,3 mill
Musikk/kultur/fritid	3	17,8 mill
Humanitær	3	56,4 mill
Diverse	2	2,9 mill
Total	37	116,4 mill

26 landsdekkande organisasjonar<sup>28</sup> har etter søknad fått utbetalt beløpet:

<sup>28</sup> Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2015 har det gått 394 millionar<sup>29</sup> til i overkant av 25 400 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som

Norsk Tipping sine spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivilligregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2015 – kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	239 886 229	7 783
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	35 762 539	5 266
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	29 883 861	4 695
Interesseorganisasjonar	Helse	18 907 618	2 226
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	14 143 494	801
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	13 506 419	1 187
Dyrevern	Diverse	11 870 636	93
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	10 681 059	1 593
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	5 616 102	417
Internasjonale aktiviteter	Humanitær	4 193 602	214
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	2 436 482	407
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	2 101 827	154
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	1 655 867	95
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	1 387 233	154
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	969 740	7
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	568 088	75
Natur- og miljøvern	Diverse	545 859	128
Andre	Diverse	218 688	20
Politiske organisasjonar	Diverse	146 689	52
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	61 456	31
Sjukeheimar	Helse	58 550	2
Yrkessamanslutningar	Diverse	52 612	14
Sjukehus og rehabilitering	Helse	44 773	3
Anna utdanning	Diverse	27 332	8
Forsking og utvikling	Diverse	22 860	5
Juridisk rådgiving	Diverse	19 828	2
Grunn- og vidaregåande utdanning	Diverse	18 889	4
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	10 380	6
Arbeidsopplæring	Diverse	6 175	1
Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	Diverse	1 595	1
<b>Total</b>		<b>394 806 481</b>	<b>25 444</b>

<sup>29</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut i alt 394,8 millionar der ein liten del skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2015	Mill. kr.	Prosent
Idrett	240	61 %
Helse	19	5 %
Musikk/kultur/fritid	90	23 %
Humanitær	5	1 %
Diverse	15	4 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	25	6 %
<b>Totalt</b>	<b>395</b>	<b>100 %</b>

Største delen av grasrotmidlane, 61 prosent, har i 2015 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som

her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingohallane der terminalane er utplassert.

For 2015 gjekk det frå desse terminalane 58,8 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalene (25 % av 237 millionar i 2015). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO kodar (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar
Idrett	27,5
Helse	12,0
Musikk/kultur/fritid	12,2
Humanitær	3,2
Diverse	3,9
<b>Totalt</b>	<b>58,8</b>

## Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 457,7 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fekk 231,3 millionar eller 51 prosent av netto omsetning. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

Ein del av beløpet som går til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2015 utgjorde dette 87,8 millionar, og operatørgodtgjersla bidrar deretter til NT si overføring til NT sine formål. Dette utgjorde 19 prosent av Extra si netto omsetning.



## Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering


ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir

fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. Frå speleoverskotet i 2015 delte stiftelsen ut 235,1 millionar fordelt på 544 prosjekt.

Fordeling til formål frå Extra	Mill. kr	Prosent
Førebygging	66,9	32,5 %
Forsking	71,9	35,0 %
Rehabilitering	66,9	32,5 %
Sum	205,6	100,0 %
Adm.tilskot til mottakarorganisasjon	29,5	
Totalt	235,1	


Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut frå 2015-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

### Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper 2015



Totalt 206 mill. kr


## Extraspelets midlar fordelt på helseområdet 2014



Totalt 206 mill. kr

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,73 milliardar kroner i år 2015.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2015, totalt 3 728 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 727,6	100 %
Totalt til gevinst	2 528,3	68 %
Total netto omsetning	1 199,3	32 %

Om lag to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar har minka litt gjennom 2015, frå 1 644 (1. jan) til 1 613 (31. des). I Norge er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

53 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde 4 prosent, medan Internett utgjorde 43 prosent. I 2014 utgjorde omsetninga over Internett 40 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over Internett)	1 979,4	53,1 %
Baner	161,6	4,3 %
Internett <sup>30</sup>	1 586,6	42,6 %
Total	3 727,6	100,0 %

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 199 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål <sup>31</sup>	550,2	46 %
Avgift til staten	137,9	11 %
Til operatør (Rikstoto)	354,4	30 %
Til kommisjonær	156,8	13 %
Sum = netto omsetning	1 199,3	100 %

Til formåla gjekk det 550 millionar kroner eller 46 prosent av netto omsetning.

I 2014 var prosenten til formål 47, som då utgjorde 553 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
V75 og storløp-premiar	57,6
Transporttilskot	2,2
Norsk Hestesenter	30,6
Det Norske Travelskap	80,7
Norsk Jockeyklubb	25,3
Bidrag avskrivning finans	12,0
Provisjon driftsselskap (banene)	341,8
av dette drift løpsbaner <sup>32</sup>	179,5
av dette premiar til hesteeigarar <sup>33</sup>	162,3
Totalt	550,2

## Forklaring til dei ulike formåla

**V75 og storløp-premiar** er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

**Norsk Hestesenter** på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

**Det Norske Travelskap (DNT)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Transporttilskot** blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

30 Spel via mobiltelefon via m.rikstoto.no og mobil.rikstoto.no inngår under internettspel.

31 I overføring til formål inngår ikkje overføringar til Rikstotoklinikken Bjerke.

32 Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene.


33 Her inngår 23,5 millionar i oppdrettspremiar.

**Norsk Jockeyklubb (NJ)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Bidrag avskrivning finans** er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

**Provisjon driftsselskap (DS)** blir utrekna etter omsetning i regionen til det einssilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einssilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

## Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto år 2015



Totalt 550,2 mill. kr

## Statsavgift

Avgift til staten (138 mill.) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

## Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 157 mill. eller 13 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	312,6
Andre inntekter	65,5
Samla kostnader	384,1
Årsresultat	- 6,0

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 6 millionar kroner for 2015. Til samanlikning vart det eit overskot på 28,5 millionar i 2014 og eit underskot på 8,8 millionar i 2013.

# 5.

## Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC, nettbrett og mobiltelefon. For dei fleste spel er det innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, og spela er då dei same som om ein går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i kategoriane KongKasino, Bingoria og online skrapespel hos Norsk Tipping samt Liveodds kan berre spelast over Internett eller mobil.


Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkort eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Norsk Tipping lanserte i 2014 nye nettbaserte spel. Det blei lansert 3 ulike typar spel under felleskategorien Instaspill: KongKasino, eFlax (elektroniske skrapelodd) og Bingoria. Desse spela hadde i 2015 ei netto omsetning på 442 millionar kroner. Brutto omsetning for dei same spela var 6 333 millionar kroner.

På Internett og mobil hadde Instaspill dermed større bruttoomsetning enn dei andre spela til Norsk Tipping til saman. Totalt bruttoomsetning (satsa beløp) for Instaspill bidreg til den store veksten frå 2013 til 2015. Netto omsetning eller det som blir lagt igjen/tapt etter gevinstutbetaling har ikkje endra seg tilsvarande.

Digitale plattformer - brutto omsetning (mill. kr)	2011	2012	2013	2014	2015	Endring frå 2014	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	2 091	2 860	3 590	8 672	11 247	2 575	30 %
Norsk Rikstoto	1 081	1 250	1 372	1 446	1 587	141	10 %
Totalt	3 171	4 110	4 961	10 119	12 833	2 716	27 %

## Brutto omsetning - spel på digitale plattformer i 2002 - 2015, totalt 12 833 mill. kr i 2015



Dette var brutto omsetning på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2015<sup>34</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2015.

Frå undersøkingane har 12 prosent av nordmenn over 18 år brukt Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2015 utgjorde dette 500 000 nordmenn over 18 år. 4 % spelte på utanlandske nettstader. Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2015 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling la igjen mellom 1 300 og 1 600 millionar kroner på utanlandske nettstadar. Merk at dette beløpet er netto omsetning og ikkje kan samanliknast med tala i tabellen over som viser brutto omsetning i den regulerte marknaden.

34 Kvartalsvise målingar gjort i 2015 (totalt 4 000 spurde over 18 år).



# 6.

## Bingo

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

### Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om bingoentreprenørar som til saman dreiv 226 bingolokale per 31. desember 2015. Talet på lokale i entreprenørbingo er redusert med fire sidan utgangen av 2014 då det var 230. Det var 57 entreprenørar ved utgangen av 2015, tre færre enn i 2014.

### Bingo med entreprenør - nøkkeltal år 2015

Brutto omsetning (sidespel er inkludert)	4 078 mill kr
Gevinst	3 210 mill kr
Netto omsetning	868 mill kr
administrativ kostnad	664 mill kr
overskot til formåla	205 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	24 %
Gevinstprosent	79 %

Entreprenørbingo omsette for nær 4,1 milliardar kroner i år 2015. Til lag og organisasjonar vart det overført 205 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 79 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 24 prosent.

Samanlikna med 2014 er omsetninga noko redusert. Brutto omsetning i 2014 var 4 332 millionar kroner, og netto omsetning var 925 millionar kroner.

Formåla har i 2015 fått 13 millionar mindre enn i 2014, men dette er før vi reknar med inntekt frå Belago. Dei fleste formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago.

Norsk Tipping sine Belago-terminaler er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2015 fekk formåla 59 millionar kroner frå Belago, ein auke på 4 millionar kroner frå 2014.

Formåla i entreprenørbingo har dermed samla fått 9 millionar kroner mindre i 2015 enn i 2014 når vi reknar med Belago.

## Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2015

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinst-prosent	Netto-omsetn.	Til formål	% til formål av netto-omsetn.
Hovudspel	1 185	812	69 %	373	56	15 %
Sidespel:						
- databingo	2 891	2 397	83 %	494	148	30 %
- papirsidespel	1,3	0,8	62 %	0,5	0,2	30 %
- sidespel totalt	2 893	2 398	83 %	495	149	30 %
<b>Totalt</b>	<b>4 078</b>	<b>3 210</b>	<b>79 %</b>	<b>868</b>	<b>205</b>	<b>24 %</b>

For hovudspel har netto omsetning hatt ein reduksjon frå 2014 då den var 403 millionar kroner. Netto omsetning for sidespel er redusert frå 523 millionar i 2014. Totalt sett er omsetninga noko redusert samanlikna med 2014.

79 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har sidespel med 83 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 205 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 73 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og hovudsakeleg frå databingo (148 millionar kroner).

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 387 lag og foreiningar i år 2015. Dette er ein auke med 34 lag samanlikna med 2014 då talet var 3 353 lag.

Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingo-spel får også inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. Utplasseringa av desse tok til hausten 2011, og for 2014 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 59 millionar kroner.

Ved utgangen av 2015 var det utplassert 1 453 Belago-terminalar i 206 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago til 3 190 lag og foreiningar.


Ved utgangen av året stod det databingoterminalar i alle bingohallane, og det var utplassert i overkant av 6 000 databingoterminalar. Dette er omtrent uendra frå tidlegare år.

Formål	Bingoinntekter (hovud- og side- spel) <sup>35</sup>	Belagoinntekter <sup>36</sup>	Totalt	
	Mill.		Mill.	Prosent
Idrett	97	28	125	47 %
Helse	42	12	54	20 %
Musikk/kultur/fritid	41	12	53	20 %
Humanitær	10	3	13	5 %
Diverse	15	4	19	7 %
<b>Totalt</b>	<b>205</b>	<b>59</b>	<b>264</b>	<b>100 %</b>

35 Lotteriregisteret viser inntekter fordelt til formål på 199 millionar kroner. Differansen mot 205 millionar kroner frå tabellane skuldast gebyr betalt til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Denne differansen er lagt til med prosentvis fordeling på dei ulike kategoriane.

36 Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

## Inntekt til formåla i 2015 medrekna Belago, totalt 264 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 125 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk,

kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 54 og 53 millionar kroner.

## Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2015<sup>37</sup>.

I oppstillinga under inngår det 192 foreiningsbingo og 60 radio/TV-bingo.

### Bingo utan entreprenør - nøkkeltal år 2015

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	60 mill kr	56 mill kr	116 mill kr
Gevinst	40 mill kr	28 mill kr	68 mill kr
Netto omsetning	21 mill kr	28 mill kr	49 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr	6 mill kr	16 mill kr
overskot til formål	10 mill kr	22 mill kr	33 mill kr
Formåla sin del av netto omsetning	50 %	80 %	67 %
Gevinstprosent	66 %	50 %	58 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 116 millionar kroner i 2015, fordelt på høvesvis 60 millionar kroner for foreiningsbingo og 56 millionar for radio/TV-bingo.

Samanlikna med 2014 er dette stabilt, då brutto omsetning i 2014 vart estimert til 115 millionar kroner, fordelt på 60 millionar kroner for foreiningsbingo og 55 millionar for radio/TV-bingo.

37 Grunna manglar i rekneskapsrapporteringa til Lotteriregisteret har vi tidlegare år estimert nøkkeltala ved hjelp av oppvekting av datagrunnlaget. Frå 2014 er det rapporterte grunnlaget betra og vi kan difor nytte data frå Lotteriregisteret utan oppvekting.

# 7.

## Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2015 registrert i overkant av 2 400 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga.

Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei mindre lokale eller regionale lotteria. I tillegg visast nøkkeltal frå Poker-NM.

### Landslotteri inklusive Pantelotteriet

Landslotteri er landsdekkjande. For 2015 har vi fått innrapportert 37 lotteri inklusiv Pantelotteriet. I 2013 var talet 43.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2015

Loddsal	269 mill kr
Gevinstkostnad	50 mill kr
Netto omsetning	219 mill kr
administrative kostnader	139 mill kr
overskot til formåla	79 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	29 %
Formåla sin del av netto omsetning	36 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	19 %

Total omsetning var 269 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2015 var 50 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 139 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 79 millionar kroner. Dette utgjorde 29 prosent av brutto – og 36 prosent av netto omsetning.

Samanlikna med 2014 er omsetninga litt redusert, men overskotet til formåla er litt auka. I 2014 utgjorde loddsalet 272 millionar kroner og overskotet til organisasjonane var 76 millionar.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar. I tillegg inngår pantelotteriet frå Norsk Pantelotteri AS der Røde Kors mottar inntekter.

## Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>38</sup>	Brutto oms. (mill. kr)	Overskot (mill. kr)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	18,2	3,0	7 %	4 %	17 %
Helse	91,6	26,6	34 %	34 %	29 %
Musikk, kultur og fritid	5,4	2,3	2 %	3 %	42 %
Humanitær	136,5	41,0	51 %	52 %	30 %
Diverse	17,1	6,2	6 %	8 %	36 %
<b>Totalt</b>	<b>268,8</b>	<b>79,2</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>29 %</b>

Helse- og humanitære organisasjonar har størst omsetning og totalt 85 % av heile marknaden.

## Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill. kr)	Adm. kostn. (mill. kr)	Overskot (mill. kr)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	16,8	13,7	3,0	82 %	18 %
Helse	80,7	54,1	26,6	67 %	33 %
Musikk, kultur og fritid	4,7	2,4	2,3	51 %	49 %
Humanitær	101,7	60,7	41,0	60 %	40 %
Diverse	14,7	8,5	6,2	58 %	42 %
<b>Totalt</b>	<b>218,6</b>	<b>139,4</b>	<b>79,2</b>	<b>64 %</b>	<b>36 %</b>

Administrative kostnader utgjorde 139 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, enten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 16 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 16 millionar kroner.

## Organisasjonar med loddosal over 20 millionar kroner i 2015 (2014)

- Norges Røde Kors (Pantelotteriet) 90 mill. kr (79 mill. kr)
- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke 44 mill. kr (46 mill. kr)
- Redningsselskapet 26 mill. kr (26 mill. kr)

38 Liste over organisasjonane i vedlegg.

## Poker-NM

Norgesmeisterskapen i poker vart for første gong arrangert i Norge i 2015. Turneringa bestod av fem regionale kvalifiseringsturneringar og eit avsluttande norgesmeisterskap.

### Poker-NM nøkkeltal år 2015

	Sum
Brutto omsetning (deltakaravgift)	15,8 mill kr
Gevinstkostnad	13,4 mill kr
Netto omsetning	2,4 mill kr
administrativ kostnad	1,6 mill kr
overskot til formål	0,8 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	34 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	85 %

Det er Blodkreftforeningen som mottar formålsandelen frå Poker-NM.

### Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert i overkant av 2 360 lokale og regionale lotteri i 2015. Om lag 2 300 er meldingslotteri og i tillegg har 62 lotteri fått løyve<sup>39</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

### Berekning for lokale/regionale lotteri

#### Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2015

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	130 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	100 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	90 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	69 %
Formåla sin del av netto omsetning	90 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	23 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

<sup>39</sup> Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

# Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

# 8.

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift frå 1. januar 2009. Av overskotet (netto omsetning) skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel:

Automatar og spelebord. Spelebord er BlackJack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2015 for 412 millionar om bord i desse skipa.

Det meste vart spelt på automatar, men 14 prosent vart satsa ved spelebord.

## Spel på skip – nøkkeltal 2015

Brutto omsetning <sup>40</sup>	
Automatar	353 mill kr
Spelebord	59 mill kr
Totalt	412 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	292 mill kr
Spelebord	39 mill kr
Totalt	332 mill kr
Total netto omsetning	80 mill kr
administrativ kostnad	64 mill kr
overskot til formåla	16 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	4 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	80 %

16 millionar var fordelt til 46 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	11,3	70
Helse	0,1	1
Musikk/kultur/fritid	3,7	23
Humanitær	0,5	3
Diverse	0,5	3
Totalt	16,1	100

<sup>40</sup> Brutto omsetning for automatar er beløpet som er lagt på automatar av fysiske pengar og for spelebord er brutto omsetning talet på sjetongar som er kjøpt.



# 9. English summary

In 2015 the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 38.5 billion. Out of this, the players collected NOK 28.7 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 9.8 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 35.9 billion in 2014<sup>41</sup>.

## Key figures in the gaming market in Norway

Year 2015	Million	
	NOK	EUR <sup>42</sup>
Gross turnover (total wagered)	38 490	4 299
Prizes	28 739	3 210
Net turnover (expenditure/loss)	9 752	1 089

Year 2015	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>43</sup>	7 416	828	1 879	210
Per capita, 18 years and older	9 473	1 058	2 400	268
Per household <sup>44</sup>	16 279	1 818	4 124	461
Percentage of disposable income <sup>45</sup>	2,86 %		0,72 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 7,416 in 2015.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,879. This amounts to 0.7 % of the disposable income per household.

41 The exchange rate between EUR/NOK has changed from 8.35 in 2014 to 8.95 in 2015. Please be aware of this if comparing the two years in Euro.


42 Average rate of exchange 2015 as determined by Norges Bank: 8.9530.

43 Average population as determined by Statistics Norway.

44 The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway)

45 Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1,347,727 million.

## The Norwegian gaming market - gross turnover (sales) in 2015, total NOK 38 490 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 28.8 billion (of this 9.9 billion on IVTs and 6.3 billion on interactive online games<sup>46</sup>), and 0.9 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians wagered NOK 3.73 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of NOK 4.2 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.1 billion. Also included here are side games (electronic<sup>47</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 116 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at NOK 269 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 130 million.

In 2015 the Norwegian championship in tournament poker (Poker-NM) took place in Norway for the first time. The total fee paid by the participants amounted to NOK 16 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 412 million in 2015<sup>48</sup>.

46 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 799 million, and NOK 442 million on online Casino, online Scratch games and online Bingo.


47 Bingo machines

48 On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

The Norwegian gaming market 2015 - market share of gross turnover (sales)



The Norwegian gaming market 2015 - market share of gross gaming revenue (GGR)



# Vedlegg

## Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er for det meste henta inn frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har rapportert sine tal til Lotteritilsynet og vi har registrert tala i Lotteriregisteret. For landslotteri byggjer talmaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre lokale og regionale lotteri er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2015. I tillegg er tidlegare års statistikk nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

## Kategorisering av formål

### Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

### Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

### Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

### Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningssselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

### Diverse organisasjonar

"Særorganisasjonar" eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Vi har også brukt ICNPO-kodane til organisasjonane for å gruppere til desse kategoriane.

## Berekening for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2015 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar	
Brutto omsetning i snitt	56 mill.kr.	60 mill.kr.	
Samla gevinstprosent (kostnad)	50 %	66 %	
Overskot av brutto omsetning <sup>49</sup>	80 %	50 %	
Tal løyve i Lotteriregisteret	60	192	
			Totalt
Brutto omsetning	55,8 mill	60,4 mill	116 mill
Gevinst	27,8 mill	39,7 mill	68 mill
Netto omsetning	28,0 mill	20,7 mill	49 mill
Berekna overskot til formåla	22,4 mill	10,4 mill	33 mill
Brutto omsetning 2015 *		116 mill	
-	Gevinst *	68 mill	
=	Netto omsetning	49 mill	
	administrativ kostnad	16 mill	
=	overskot *	33 mill	
Formåla sin del av brutto omsetning		28 %	
Formåla sin del av netto omsetning		67 %	
Gevinstkostnad av brutto omsetning		58 %	

\*) berekna

49 Prosent til formål frå rekneskap der overskot er spesifisert.

## Organisasjonar med inntekt frå overgangsordning, utbetalt kronebeløp i 2016

Dette er landsdekkjande organisasjonar som ikkje tidlegare har mottatt midlar frå Norsk Tippings overskot. Jf. Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping § 6b.

ADHD Norge	1 196 539
Autismeforeningen i Norge	813 563
Brystkreftforeningen	836 916
CarciNor	172 737
Cerebral Parese-foreningen	1 759 040
Den Norske Turistforening	8 456 564
Diabetesforbundet	5 470 906
Foreningen for muskelsyke	363 549
Framtiden i våre hender	1 952 343
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon FFO	2 051 773
Harry Benjamin ressurscenter HBRS	258 396
HLF Hørselshemmedes Landsforbund	7 179 809
Landsforeningen for Nyre pasienter og Transplanterte	313 415
Landsforeningen Uventet Barsedød	963 365
Lymfekreftforeningen	261 340
Mental Helse	4 784 748
MOMENTUM Foreningen for arm og benprotesebrukere	222 443
Munn og halskreftforeningen	233 645
Myalgisk Encefalopati Nettverket i Norge (MENiN)	77 100
Noregs Mållag	956 869
Norges Astma og Allergiforbund	3 048 701
Norges Jeger og Fiskerforbund	8 197 191
Norges Kvinne og familieforbund	237 509
Norges Livredningsselskap	1 060 979
Norges Parkinsonforbund	1 156 532
NORILCO Norsk forening for stomi, reservoar og mage og tarmkreft	703 707
Norsk Epilepsiforbund	1 043 509
Norske Kvinners Sanitetsforening	3 612 376
Prostatakreftforeningen (PROFO)	566 526
Psoriasis og eksemforbundet	711 884
Ryggmargsbrokk og Hydrocephalusforeningen	215 365
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	28 049 480
Stiftelsen Livsglede for Eldre	1 105 673
Stiftelsen Norsk Luftambulans	27 292 124
Ung Kreft	518 513
Veteranforbundet SIOPS - Skadde i internasjonale operasjoner	406 323
Voksne med medfødt hjertefeil (VMH)	132 494
<b>Totalt</b>	<b>116 383 946</b>

## Landslotteri 2015 – organisasjonane i dei ulike kategoriene

### Idrett

Norges Badmintonforbund  
 Norges Fotballforbund (2 lotteri)  
 Norges Svømmeforbund (2 lotteri)  
 Sportslotteriet<sup>50</sup> (2 lotteri)

### Helse

Diabetesforbundet  
 Foreningen for Muskelsyke  
 Hørselshemmedes Landsforbund  
 Landsforeningen for hjerte og lungesyke  
 Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte  
 Landsforeningen Uventet Barnedød  
 MS- forbundet  
 Nasjonalforeningen for folkehelsen  
 Norges Astma- og Allergiforbund  
 Norges Handikapforbund  
 Norsk Cøliakiforening  
 Norsk Revmatikerforbund  
 Norske Kvinners Sanitetsforening  
 Organisasjonen Voksne for Barn  
 Psoriasis- og eksemforbundet  
 Stoffskifteforbundet

### Musikk, kultur og fritid

4H Norge  
 Norges Musikkorps Forbund

### Humanitær

Adopsjonsforum  
 Mercy Ships Norge  
 Norges Røde Kors (pantelotteriet)  
 Norsk Folkehjelp  
 Redningsselskapet  
 Stiftelsen Flyktningshjelpen  
 Strømmestiftelsen

### Diverse

Den indre sjømannsmisjon  
 Det Norske Totalavholdsselskap, IOGT i Norge og junior- og barneorganisasjonen JUBA  
 MA - rusfri trafikk og livsstil  
 Noregs Mållag  
 Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

<sup>50</sup> Sportslotteriet omfattar lotteriløype for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

## Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2015 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri <sup>51</sup>	Lotteri med løyve <sup>52</sup>		
Brutto omsetning i snitt	44 000	425 000		
Samla gevinstprosent (kostnad)	15 %	36 %		
Overskot av brutto omsetning	75 %	56 %		
Tal meldingar/ løyve	2 300 <sup>53</sup>	62		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning år 2015*	101 mill	26 mill	127 mill	130 mill
Gevinst	15 mill	10 mill	25 mill	30 mill
Netto omsetning	86 mill	17 mill	103 mill	100 mill
Estimert overskot til formåla	76 mill	15 mill	91 mill	90 mill
Estimert brutto omsetning år 2015 *		130 mill		
-	Gevinst *	30 mill		
=	Netto omsetning	100 mill		
	administrativ kostnad	10 mill		
=	overskot *	90 mill		
Formåla sin del av brutto omsetning		69 %		
Formåla sin del av netto omsetning		90 %		
Gevinstkostnad av brutto omsetning		23 %		

\*) runda til næraste 10 mill.

51 Gjennomsnittleg loddosal frå 1 099 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2015, kr 43 942,-  
Gevinstprosent og prosent til formål er beregnet på grunnlag av rapporterte tal i 2015 og tidlegare år.

52 Gjennomsnittlege tal frå rekneskapa for alle lotteri med løyve for 2015, kr 425 243,-

53 I data for meldingslotteri har organisasjonar totalt meldt inn 2 466 lotteri. Vi har funne ein del dublettar blant desse som vi har korrigert for, og har runda talet meldingslotteri til 2 300.









Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde

Tlf.: 57 82 80 00

[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)

[lottstift.no](http://lottstift.no)

